

Årsrapport frå Barneombodet 2016



Innhald

I.	Fråsegn frå leiaren.....	4
II.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	5
	Organisasjonskart.....	5
	Utvalde volumtal	6
	Førespurnader og utsegner på brev og e-post.....	6
	Telefonførespurnader	6
	«Spør Barneombodet»	6
	Medieoppslag og sosiale media	7
	Mållovarbeidet hos Barneombodet	8
	Uromeldingar til barnevernet	8
	Bruk av innsynsretten.....	9
	Krav om tilsyn	9
	Høyringsvar frå Barneombodet	9
	Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar	9
	Fråsegner til offentlege myndigheiter.....	10
	Tal på begynte og gjennomførte fagprosjekt.....	10
	Innspel til offentlege utval.....	11
	Notat til Stortinget	11
III.	Rapportering på mål for verksemda 2016.....	11
	Samla vurdering av resultat.....	17
	Nærmare omtale av bruk av verkemidlar	17
IV.	Styring og kontroll av verksemda	17
	Den overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda.....	17
	Nærmare omtale av forhold knytt til styring og kontroll av verksemda.....	18
	Kompetansetiltak hos Barneombodet	18
	Arkiv.....	18
	Økonomistyring	19
	Forhold departementet har bedt Barneombodet om særskild rapportering på	20
	Risikovurderingar.....	20
	Personalforvaltning og internkontroll	20
	IA-avtalen og sjukefråvær	21
	Aktivitets- og greigjeringsplikter	21
	HMS/arbeidsmiljø.....	22

Sosiale omsyn i offentlege innkjøp og avtalar	22
Brukarundersøking	22
Sikkerheit og beredskap	23
Informasjonssikkerheit	24
Tiltak innanfor «Handlingsplan for informasjonssikkerhet i statsforvaltningen»	25
Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen	27
V. Vurdering av framtidsutsikter	27
VI. Årsrekneskap	28
Kommentar frå barneombodet til årsrekneskapen 2016.....	28
Føremål.....	28
Stadfesting.....	28
Vurdering av vesentlige forhold	28
Tilleggsopplysningar	29
Prinsippnote til årsrekneskapen 2016.....	30
Bevillingsrapporteringa	30
Artskontorapporteringa	31

I. Fråsegn frå leiaren

I 2016 gjennomførte Barneombodet sitt tredje fagprosjekt, «Uten mål og mening?». Rapporten frå dette prosjektet kommer 6. mars 2017 og handlar om barn som mottar spesialundervisning i skulen. Rapporten viser at Noreg ikkje gir barn den retten dei har til spesialundervisning, og vi har 26 anbefalingar om endring som vi vil følgje opp i tida framover.

Gjennom året har det også vore viktig å følgje opp anbefalingar frå fagprosjektet i 2015, «Grenseløs omsorg». Denne fagrapporten vart tatt godt imot, og myndigheitene er allereie i gang med å følgje opp anbefalingane våre.

Viktige fagområde i 2016 har vore helse, vald og overgrep mot barn, psykososialt skulemiljø og barn i skulen som av ein eller annan grunn har behov for ekstra hjelp og støtte. Vi har arbeidd vidare med barn som ekspertar, og laga eit nytt Barnepanel med 120 barn frå 6. og 7. trinn. Totalt har Barneombodet nådd mange av dei faglege måla vi sette oss for året, og arbeidd med ei rekkje viktige saker for barn og unge. Som eit resultat av vår påverknad har blant anna opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn blitt tilført 500 millionar. Helse- og omsorgsdepartementet har også i år løyvd ekstra midlar til helsestasjons- og skulehelsetenesta. På skulefeltet ser vi fram til å endre lova som skal sikre rettstryggleiken til barn som vert krenka på skulen. Barneombodet har vore ein viktig bidragsytar i arbeidet mot betre vern for desse barna.

Resultatet for året er eit noko mindre forbruk enn venta. Den samla ressursbruken var i 2016 innanfor godkjend bevilling. Barneombodet hadde eit mindreforbruk på kr 688 071,- For nærmare detaljar om dette viser vi til del VI.

Barneombodet har fått ekstra midlar frå Kunnskapsdepartementet for å styrke arbeidet vårt med psykososialt skule- og barnehagemiljø. Vi er difor i gang med å tilsette fleire medarbeidarar, og har eit spanande år framfor oss i 2017.

I 2016 har vi arbeidd mykje med rutinar for tilsettingar, og med å følgje opp tilbakemeldingar frå arbeidsmiljøundersøkingar og medarbeidarsamtalar. Det er ei glede for meg å kunne slå fast at tilsette og leiinga hos Barneombodet på ein særskild god måte har medverka til dei gode resultatane vi har oppnådd for året.

Oslo, 1. mars 2016




Anne Lindboe
barneombod

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Det går fram av lov om barneombod at Barneombodet sine overordna oppgåver er å fremje barn sine interesser i samfunnet, og følgje med på om lovverket, forvaltinga og rettspraksisen samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnerettane. Barneombodet skal etter instruks § 8 kvart år rapportere til Barne- og likestillingsdepartementet om verksemda i det føregåande året. Organisasjonskartet er ikkje endra sidan 2014, men i staden for ein permanent nestleiar har fagsjefen fått oppgåva med å være avløyssar for barneombodet.

Organisasjonskart



Utvalde volumtal

Førespurnader og utsegner på brev og e-post

Barneombodet fekk i 2016 inn 3496 førespurnader på brev og e-post, mens vi sende ut 2189 brev og e-postar. I alt har vi tatt i mot og ekspedert 5685 brev og e-postar. Vi har eit mål om å redusere talet på førespurnader frå vaksne, ved blant anna å lage betre informasjon på nettsida vår. Vi har framleis eit høgt tal på førespurnader, og vi bruker mykje ressursar på å svare på desse.

Dokument	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Inngåande dokument	3258	3560	4077	3374	2796	3262	3496
Utgåande dokument	2155	2142	2413	2132	1757	1846	2189
Total mengde dokument	5413	5702	6490	5506	4553	5108	5685

Telefonførespurnader

I 2016 vart det registrert 1543 telefonar inn til sentralbordet vårt. Nokre av telefonane førte til skriftlig oppfølging frå rådgjevarane våre. Resten fekk eit kort svar eller vart vist vidare til andre instansar. Vi har framleis ein telefonbeskjed på sentralbordet som oppmodar vaksne privatpersonar om å skrive e-post eller brev til Barneombodet i staden for å ringe.

«Spør Barneombodet»

«Spør Barneombodet» har blitt ei viktig teneste hos oss, og er høgt prioritert. Vi har no laga ei turnusordning, slik at alle fagrådgjevarane og kommunikasjonsavdelinga svarer på omgang, noko som fungerer fint. I 2016 fekk vi 1711 spørsmål frå barn på nett, og alle fekk svar frå oss, helst same dag eller dagen etter.

Meldingane fordelte seg på kategoriar på denne måten:

Stikkord	2014	2015	2016
Familie	193	111	223
Rettigheter	147	115	166
Foreldre som ikkje bur saman	73	72	86
Kven bestemmer?	57	76	136
Skule	292	287	414
Mobbing	96	104	105
Flytte heimifrå	49	26	25
Økonomi og pengar	49	67	61
Venner/kjærestar	50	60	64
Psykisk og fysisk helse	65	123	181
Privatliv	61	21	34
Samvær	49	18	13
Vald	62	41	72
Mobil, internett og sosiale media	73	172	273
Bli høyrte	56	56	40
Barnevern	73	121	94
Følelsar	35	44	115
Aldersgrenser (ny 2016)			198
Asyl (ny 2016)			8
Barneombodet (ny 2016)			1
Diskriminering (ny 2016)			5
Fritid (ny 2016)			11
	1480	1514	2325* 1711

* I 2016 opna vi for at eit spørsmål kan merkast med fleire kategoriar, noko som gjer at dette talet ikkje er samanliknbart med tidligare år. Dette gjorde vi fordi det skulle bli lettare å leite seg fram til spørsmål ein ville ha svar på.

Medieoppslag og sosiale media

I 2016 vart Barneombodet omtalt i totalt 1923 mediesaker, 1838 på bokmål og 85 på nynorsk. Barneombodet brukar Retriever som verktøy for medieovervaking.

Medieoppslag						
Årstal	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på oppslag	1961	2046	2874	2199	1697	1923
Nett			1818	1445	1026	1215
Papir			1030	729	641	711
Tv/radio*			26	25	30	57

*Søkemotoren er framleis for smal til å få tak i alle tv/radiooppslag i distriktssendingar, så talet er for lågt.

Medieoppslag fordelt på nokre utvalde søkeord:

Tema	2015	2016
Barneombodet mobbing	502	497
Barneombodet tvang	86	70
Barneombodet vald	299	227
Barneombodet skulehelsetenesta	95	49
Barneombodet og asylsøkjjarar	145	234
Barneombodet skule	386	497
Barneombodet delt bustad	101	71

Barneombodet er til stades på tre sosiale medium. Sosiale medium er ein viktig kanal for å nå alle målgruppene våre, og vi jobbar heile tida med metodar for å nå ut til fleire. I løpet av åra vi har vore på sosiale medium har vi sett at staden kor vi når barna har endra seg, og no er det Instagram som er den primære kjelda til å nå dei unge. På Twitter når vi journalistar og avgjerdstakarar, mens vi på Facebook i stor grad når foreldre til barna, noko som også er nyttig for å spreie informasjon om oss.

På Twitter hadde vi ved inngangen av januar 2016 15 876 følgjarar. På Instagram hadde vi 1603 følgjarar, mens vi på Facebook per 31.12.16 hadde 14 180 følgjarar.

Mållovarbeidet hos Barneombodet

I 2016 har Barneombodet nådd kravet som gjeld tekstar som kjem inn under mållova § 8 første ledd første og andre punktum og § 8 fjerde ledd. Gjennom målbevisst innsats over tid har vi no oppnådd ein nynorskprosent på 26,3 % på korte tekstar, 29,6 % på barneombudet.no og 39,1 % på barneombodsbloggen. Vi har 72,5 % nynorsk på lange tekstar (det høge talet skuldast at vi ikkje hadde nokre store bokmålsrapportar i 2016), 42,9 % på periodiske publikasjonar og 27,3 % på sosiale media. To av medarbeidarane våre har vore på nynorsk kurs i 2016. Språkrådet si tilbakemelding etter rapporteringa for 2016 var at vi har gjort ein flott innsats for den språklege likestillinga, og at vi er eit førebilde for andre statsorgan. Dei legg spesielt vekt på at vi med dette arbeidet møter menneske i sårbare livssituasjonar også på det språklege området. Vi kan også nemne at ein av våre tilsette i 2016 har vore medlem av referansegruppa for utvikling av eit nytt e-læringskurs i nynorsk som skal lanserast i 2017.

Uromeldingar til barnevernet

Barneombodet sende sju uromeldingar til barnevernet i 2016. Som offentleg meldar får vi tilbakemelding om korleis innmelde saker blir fylgde opp. I tillegg kontakta vi politiet to gonger, ein gong i samband med ein førespurnad frå eit barn og ei formell politimelding om eit trdomssamfunn som oppmoda til vald mot barn.

Uromeldingar til barnevernet						
Årstal	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på uromeldingar	12	11	7	5	4	7

Bruk av innsynsretten

Barneombodet sende inn krav om innsyn i 71 saker i 2016. Krav om innsyn blir vurdert etter rutinane til Barneombodet. Vi kravde innsyn i ei rekkje saker i samband med prosjektet «Utan mål og meining - barn med rett til spesialundervisning i skolen.» Innsynet gjaldt alle dokument frå fem fylkesmenn i klagesaker om spesialundervisning.

Krav om innsyn						
Årstal	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på innsynskrav	5	7	33	6	213	71

Krav om tilsyn

Barneombodet meiner tala kan seie noko om offentleg saksbehandling av saker om barn, og våre vurderingar av denne. I 2016 bad vi fylkesmenn om å føre tilsyn med sine kommunar i 6 saker.

Krav om tilsyn			
Årstal	2014	2015	2016
Tal på tilsynskrav	6	3	6

Høyringsvar frå Barneombodet

Barneombodet leverte 23 skriftlege høyringsvar i 2016. Her er nokre av dei viktigaste:

- Nasjonal faglig retningslinjer for skolehelsetjenesten og helsestasjon for ungdom
- Råd for ungdom, eldre og personer med funksjonsnedsettelse i kommuner og fylkeskommuner
- Kvalitets- og strukturereform i barneveret
- Høring på oppfølging av NOU- å høre til
- Primærhelsetjenestemeldingen
- Endringer i helse- og omsorgstjenesteloven- styrket pråørendestøtte
- Endringer for å oppheve frister i farskapsaker
- Endringer i opplysningsplikt til barnevernet og nye regler om opplysningsplikt ved tilbakeholdelse av rusmiddelavhengige

Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar

Barneombodet heldt 77 foredrag i 2016. Ein stor del av Barneombodet sitt informasjonsarbeid er opplæring i barnerettane for ulike faggrupper avgjerdstakarar. Anne

Lindboe har også i 2016 holdt fram med å halde foredrag i samband med rapporten «Grenseløs omsorg - om bruk av tvang mot barn i barnevern og psykisk helsevern.»

Fråsegner til offentlege myndigheiter

Barneombodet systematiserer utsendinga av brev til offentlege myndigheiter. I disse breva gir vi uttrykk for synspunkta våre og uroa vår for korleis barn blir varetatt innanfor ulike sektorar av samfunnet. Slik sett er dei ein del av rapporteringskategorien «fråsegner frå Barneombodet». Alle breva er publisert på nettsidene våre.

Brev til offentlege myndigheiter					
2011	2012	2013	2014	2015	2016
14	22	21	15	16	11

	Tema	Mottakar
1.	Enslige mindreårige asylsøkere- utlendingsloven § 38, femte ledd	JD
2.	Barneombodets innspill om endring av retningslinjer for gravide i LAR	Helsedirektoratet
3.	Overføring til voksenmottak etter håndrotundersøkelse	JD
4.	Om barns rett til samtykke til deltakelse i forskning	HOD
5.	Bedre retningslinjer for helseerklæringer i utlendingssaker	Helsedirektoratet /HOD
6.	Bosetting av enslige mindreårige uten identitetsdokument	JD
7.	Barnevoldsutvalget-saker fra Barneombudet	BLD
8.	Statistikk-mindreårige i fengsel	JD
9.	Anbefalinger fra ekspertgruppe som har levd med vold	BLD
10.	Om digitalt innsyn i journaler til barn i psykisk helsevern	HOD
11.	Innspill på prioritering av Helsetilsynets landsomfattende tilsyn	Helsetilsynet

Tal på begynte og gjennomførte fagprosjekt

I 2016 starta Barneombodet tre prosjekt:

- a) «Uten mål og mening? Barn med spesialundervisning i skolen» 2016-2017
- b) Barneombodets barnepanel
- c) Rapportering til FNs komité for barns rettar

I tillegg held vi fram med prosjekt «Barneombuss» og det internasjonale prosjektet som vart starta for nokre år sida.

Prosjekta blir nærmare skildra under punkt III. I alle prosjekta har vi brukt prosjektstyringsverktøy med risikohandsaming, og hatt tett oppfølging frå leiinga.

Innspelet til offentlege utval

I 2016 ga Barneombudet eit munnleg innspelet til barnevernlovutvalet for å følgje opp det skriftlege innspelet vårt frå 2015, og til arbeidsgruppa som utarbeida opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn. Vi ga også skriftleg innspelet til barnevaldsutvalet. Dette er unntatt offentlegheit.

Notat til Stortinget

Barneombudet publiserer alle notat som blir levert til komiteane på Stortinget i samband med blant anna munnlege høyringar. Vi gav følgjande notat frå oss i 2016:

- Høring i venstres stortingsgruppe om barn og unges oppvekst
- Miniseminar om skolehelsetjenesten ved Arbeiderpartiets stortingsgruppe
- Midlertidige tillatelse for enslige mindreårige asylsøkere
- Barneombudets innspill til opptrappingsplan for rusfeltet
- Skriftlig innspill til høring på Fosterhjemmeldingen
- Barneombudets innspill til opptrappingsplanen mot vold og seksuelle overgrep
- Barneombudets innspill til Statsbudsjettet 2017 (fire notat)
- Notat om kompetansesenter for medvirkning
- Innstramminger i utlendingsloven - notat fra Barneombudet
- Barneombudets innspill til Arbeiderpartiets stortingsgruppe i forbindelse med programarbeid
- Barneombudets notat til Stortinget - Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse
- Notat til Justiskomiteens høring på Stortinget om ratifisering av tredje tilleggsprotokoll til barnekonvensjonen
- Innspill til Stortinget om nasjonal helse og sykehusplan

Notata ligg også på nettsidene våre.

III. Rapportering på mål for verksemda 2016

Mål og strategiar for 2016 vart rapportert inn til BLD mai 2015.

1. Barn med funksjonsnedsettelser gis et verdig liv og tilrettelagt tilbud uansett hvor de bor (langsiktig mål 8)

Barneombudet starta opp arbeidet med prosjektet i 2016, med planlagt lansering av rapport i april 2017. Rapporten skal lanserast på Barneombudets dag 6.3.2017 på Høgskolen i Oslo og Akershus. Rapporten «Uten mål og mening? Elever med spesialundervisning i

grunnskolen» tar føre seg barn sin rett til spesialundervisning, og vi ser nærare på om denne retten blir oppfylt.

I rapporten kjem vi med blant anna desse anbefalingane:

- Opplæringslova må endrast, slik at elevar med spesialundervisning blir sikra rett til opplæring av fagpersonar med godkjent utdanning og kompetanse i faget/undervisningsoppgåva. Unntaksbestemminga i opplæringslova § 5-5 må berre brukast i særskilde tilfelle, og dersom det er til det beste for barnet. Unntak skal gjerast som eige enkeltvedtak.
- Kunnskapsdepartementet må innføre kompetansekrav og bemanningsnorm for PP-tenesta.
- Kunnskapsdepartementet må gi PPT ei tydelegare rolle i oppfølginga av spesialundervisninga til elevane.
- Kunnskapsdepartementet må sikre kvaliteten på sakkunnigarbeidet til PP-tenesta ved å utarbeide ei forskrift som tydeliggjer krava til sakkyndige vurderingar.
- Fylkesmannen må ha plikt til å vurdere kompensierende tiltak og midlertidige vedtak for å sikre elevrettane, og hindre læringstap.
- For å sikre elevane et forsvarlig utbytte av spesialundervisninga, må Kunnskapsdepartementet utvikle ein felles nasjonal standard for planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa.
- Fylkesmannen må undersøke kvaliteten på sakkunnige vurderingar, IOP og innhaldet i opplæringa når dei behandlar klager.
- Utdanningsdirektoratet må sikre at skulane har auka merksemd på elevar med funksjonsnedsetjingar og læreveskar i arbeidet med det psykososiale miljøet.
- Det må gå fram av opplæringslova kapittel 5 at vedtak om spesialundervisning også skal vareta elevar sin rett til eit godt fysisk og psykososialt skulemiljø.

2. Barn kjenner til barnekonvensjonen og Barneombudet (mål 2)

Barneombudet hadde også i 2016 prosjektet «Barneombuss», der Anne Lindboe reiser rundt i landet og besøker skoler. Ho har med seg eit skuleopplegg der ho informerer om barnekonvensjonen og Barneombudet. Prosjektet blei starta som ein pilot i 2013, og skal gjennomførast i heile Anne Lindboe sin periode som barneombod.

Barneombussen besøkte fylka Aust-Agder, Vest-Agder og Nordland i 2016. På turane møtte vi cirka 460 elevar fordelt på 12 skular.

3. Barn har reell innflytelse på utforming av politikk og planer på alle nivåer i samfunnet (mål 19)

Barneombudet har vidareutvikla metodane sine for medverknad frå barn og unge i sitt arbeid i 2016. Vi har også oppretta eit nytt team for medverknad, som blant anna skal revidere medverknadshandboka vår.

I 2016 vedtok Barneombodet å danna eit barnepanel. Vi inngjekk eit samarbeid med ein grunnskule i Skedsmo kommune, og i 2016 hadde vi 60 barn ved 7. trinn som fungerte som vårt barnepanel. Dei var mellom anna involvert i forarbeidet til Lucy Smiths barnerettsdag, som vi arrangerte i november. Tanken er at barnepanelet skal kunne brukast både som rådgivarar i det daglige, men også på større prosjekt, slik som barnerettsdagen. I 2017 kjem barnepanelet til å bli dobla ved at vi også inkluderer 6. trinn.

I 2016 har vi også arbeidd med ei høyring om råd for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjingar i kommunar og fylkeskommunar. Det er alvorleg at det finst så mange ungdommar som ikkje har moglegheit til å påverke heimstaden sin. Vi er skuffa over forslaga frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å ikkje lovfeste medverknadsorgan for ungdom. Likevel er vi nøgd med at departementet no tar grep for å løfte og synleggjere medverknadsorgan for ungdom gjennom ei ny lov – og ei framtidig føresegn.

Vi har også støtta representantforslag om eit nasjonalt kompetansesenter for ungdomsarbeid, ungdomsmedverknad og ungdomsinformasjon. Barneombodet deltok på ei munnleg høyring i familie- og kulturkomiteen. Eit slikt senter har førebels ikkje blitt oppretta.

4. Alle barn i Norge får oppfylt sin rett til utdanning i en trygg og inkluderende skole (mål 10)

Gjennom heile året har Barneombodet arbeidd med mobbing og krenkingar i skolen på ulike måtar:

- Vi har gitt rettleiing i enkeltsaker om psykososialt skulemiljø.
- Prosjektet «utan mål om mening? Elever med spesialundervisning i grunnskolen» har også tatt for seg det psykososiale miljøet til elevane, og vi har henta inn erfaringar frå elevane.
- Vi har skriva høyringssvar og kome med konkrete forslag til forbetringar på forslag til lovendringar frå departementet på NOU 2015:2 Å høre til.
- Vi har vore aktive i å krevje tilsyn med skuler der vi har grunn til å vere bekymra for rettstryggleiken til barn.

Arbeidet med å krevje tilsyn har vore fruktbart. Fylkesmennene blir gjort oppmerksame på forhold på skular, og vi hjelper barn og foreldre som treng støtte i ein vanskeleg prosess. I 2016 blei det også bestemt at fylkesmennene skal ha høve til å føre tilsyn med kvar enkelt barnehage. Dette har vi jobba for lenge, og vi er glade for at det skjer rørsle i denne saka. Vi er likevel ikkje heilt i mål. Barneombodet ønskjer at barnehagelova skal bli endra, slik at barn får like rettar til eit godt psykososialt miljø som barn har i skulane, og at fylkesmennene blir klageinstans og tilsynsmyndigheit slik dei er for skulen.

Barneombodet fekk 324 nye skriftlege førespurnader om skule og barnehage i brev eller på e-post i 2016, 111 av desse var om mobbing. Vi fekk også 519 spørsmål registrert under kategorien skule/mobbing frå barn og unge via spørjetenesta «Spør Barneombodet». Vi

minner om at vi har valt å setje inn fleire kategoriar på spørsmåla for at barna lettare skal finne fram til relevante svar på deira spørsmål. Talet blir derfor høgare enn det reelle talet. I tillegg til dette kjem telefonsamtaler til kontoret og direkte møter med barn og unge på skular vi har besøkt med «Barneombussen».

Gjennom året har Barneombodet også halde fleire innlegg og foredrag om skulemiljø. Av desse kan vi nemne

- innlegg på Utdanningsdirektoratets frukostseminar om krenkingar i skulen
- innlegg på samlinga til Skulemiljøprosjektet
- parallellseminar på Utdanningsdirektoratets opplæringskonferanse

Vi har også deltatt i ressursgruppa til Læringsmiljøsentret.

Barneombodet får i 2017 auka bevillinga si frå KD for å kunne arbeide endå meir aktivt med retteleing av foreldre og barn, og meir aktivt med barnehage. Vi har difor lyst ut to stillingar, og reknar med tilsetting i mai 2017.

I 2016 - som i 2014 og 2013 – skal vi lage ein eigen rapport til Kunnskapsdepartementet som også vil bli sendt til BLD.

5. Barn utsettes ikke for ulovlig tvang i noen offentlig institusjon (mål 13)

Fagrapporten frå Barneombodet - «Grenseløs omsorg - om bruk av tvang i barnevern og psykisk helsevern», vart lansert 22. september 2015. I rapporten kjem vi med ei rekke anbefalingar til offentlege myndigheiter. Blant desse var

- ein gjennomgang av reglane i lov om psykisk helsevern for å sikre barn sine rettar betre, og eit betre klagesystem for barn som blir utsette for tvang i både barnevern og psykisk helsevern
- felles institusjonar for barn med samansette behov

I 2016 har helseministeren sett ned eit utval som skal sjå særskilt på reglane for bruk av tvang i psykisk helsevern. I mandatet til utvalet viser Departementet spesielt til «Grenseløs omsorg», og behovet for å sikre barnrettane i lova om psykisk helsevern.

I tillegg har BLD og HOD sett i gang arbeid med å etablere eigne omsorgs- og behandlingstilstusjonar for barn som treng langvarig omsorg utanfor heimen, og som har behov for psykisk helsehjelp. Dette er også i tråd med våre anbefalingar.

6. Barn i risiko for, eller som er utsatt for vold og overgrep møter et system som ser, følger opp og gir god behandling (mål 7)

Barneombodet har lenge kravd ein opptappingsplan mot vald og overgrep mot barn, på lik linje med opptappingsplanen for psykisk helse. Ein slik opptappingsplan er no vedtatt av Stortinget. Barneombodet argumenterte for at det må setjast av ein milliard kroner i året til planen. Regjeringa sette av 176 millionar, men dette blei justert opp til 500 millionar under budsjettbehandlinga i Stortinget.

Vald mot barn er i det heile mykje meir framme i media og bevisstheita til folk enn det var tidligare. Det har også skjedd ei dreining frå å sjå vold mot barn som eit justisproblem til eit folkehelseproblem med store konsekvensar for helsa til barn. Barneombodet har bidratt til dette skiftet.

7. Barns rettigheter internasjonalt er styrket gjennom Barneombudet engasjement (mål 20)

Barneombodet sette i 2014 i gang eit prosjekt for å promotere barneombodsordninga og barnereittane internasjonalt. Prosjektet har vore ført vidare gjennom 2016, og vi har mottatt økonomisk stønad for 2017. Hovudlanda dette året har vore Vietnam, Peru, Malawi, Tunisia og Khasakstan/Tadjikistan. Barneombodet skriv kvart år ein rapport til UD om sitt arbeid.

Anna fagarbeid

I tillegg til det vi har nemnt ovanfor, har Barneombodet halde fram med å arbeide for å få gjennom anbefalingane frå fagrapporten «Helse på barns premisser», hovudprosjektet i 2013, og anbefalingane i rapporten «Barnets stemme stilner i stormen - en bedre prosess for barn i konfliktfylte samlivsbrudd» frå 2012. Vi registrerer at dommarane har blitt mykje betre på barnesaker dei siste åra, og det er blitt større fokus på å høyre barn i familievernet.

Oppfølginga av fagrapporten «Helse på barns premisser» har i 2016 ført til at Stortinget i helsekomiteen si innstilling om Nasjonal helse- og sjukehusplan både kravde familiebaserte nyføddintensivavdelingar og 18-års grense på barneavdelingane på sjukehusa. Begge desse krava stammar frå Barneombodet. Stortinget har også bedt Regjeringa legge fram ein tverrsektoriell strategi for barn og unge si psykiske helse innan juni 2017, og viser til både «Helse på barns premisser» og «Grenseløs omsorg».

Regjeringa ga også i 2016 meir pengar til helsestasjons- og skulehelsetenesta, og kallar dette eitt av dei viktigaste tiltaka for barn og unge. Frå 2014 til 2017 er det lagt til rette for å styrke helsestasjons- og skulehelsetenesta med til saman 836 millionar kroner.

I 2016 har Barneombodet engasjert seg i barnereittane i saker der kvinner blir gravide når dei går på legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Barneombodet ønskjer nye retningslinjer der kvinner må bruke prevensjon for å få tilbod om LAR. Dette meiner vi fordi vi ser ulike

uheldige verknader for barna av LAR-behandlinga. Som eit resultat av vårt arbeid blei LAR innlemma i handsaminga av rusmeldinga, og helsekomiteen bad regjeringa om å vurdere å revidere retningslinjene. Helsedirektoratet har nå innkalla til ein konsensuskonferanse for å vurdere kva som skal gjerast vidare, ettersom det er usemje om dette.

Barneombodet har lenge kravd at barn under 16 år skal få større mulighet til informasjon, og til å bli høyrte i helsespørsmål. Dette er også anbefalinga frå FNs komité for barnerettane. I desember 2016 kom det endeleg eit forslag om å lovfeste barn sin rett til å bli høyrte i helsespørsmål frå dei er sju år gamle.

Vi har også begynt arbeidet med å skrive vår supplerande rapport til FNs barnekomité i samband med Noregs neste rapportering til komiteen. Rapporten skal lanserast i byrjinga av oktober 2017.

På barnevernsfeltet har vi arbeidd med dei ulike lovforslaga som har kome frå regjeringa i samband med endringar i struktur og regelverk i barnevernet. Vi har vore i dialog med både departement og utval i denne prosessen, og har i skrivande stund levert høyringssvar på forslag til ny lov om barnevern.

I 2016 blei forbod mot å bruke barn som tolk vedtatt i Stortinget. Dette har Barneombodet arbeidd for sidan 2010.

Mål for organisasjonsutvikling

Barneombodet har i 2016 fortsett arbeidet med å gjere organisasjonen meir effektiv. Eit viktig bidrag i dette arbeidet er arkivprosjektet. Vi har i 2016 tatt i bruk ein ekspederingsmodul i Public 360, som effektiviserer utsendinga av svar på e-post og brev. Vi har også innført elektronisk handsaming av søknadar på nye stillingar. Som eit ledd i arkivprosjektet har vi arbeidd særskilt med å lage gode interne rutinar for saksbehandling, og for å arkivere i Public 360. For å sikre betre arkivkompetanse på kontoret, har ein av medarbeidarane fått høve til å ta 30 studiepoeng i arkivkunnskap som etterutdanning på Arkivakademiet/HiOA. Vi arbeider elles systematisk gjennom året med intern kompetanseheving i Public 360.

I 2016 har vi laga eit system for å registrere faglitteratur og inventar/utstyr hos Barneombodet. Vi har også tatt i bruk videokonferanseutstyr for å redusere kostnader til reise, og for å auke fagleg aktivitet og samarbeid. Vi har eit tett samarbeid med vår IT-leverandør om god informasjonssikkerheit. I 2016 analyserte og vurderte vi behov for fleire tiltak på dette området. Konklusjonen var at informasjonssikkerheita vart godt tatt vare på i organisasjonen, mellom anna gjennom at vår IT-leverandør Intility AS vert kvalitetssikra gjennom revisjon etter ISA 3402 kvart år med gode resultat. Vi skal likevel arbeide vidare med måla i «Handlingsplan for informasjonssikkerhet i statsforvaltningen» i 2017, slik det er forventa.

Samla vurdering av resultat

2016 har vore eit år med mange krevjande oppgåver for Barneombodet. Vi har brukt mykje tid på å få implementert anbefalingane frå dei to første fagrapportane våre, samstundes som vi har arbeidd aktivt med «Uten mål og mening? - barn med spesialundervisning i grunnskolen». Våre rapportar får mykje merksemd, og blir brukt av både politikarar og fagfolk. Vi har fått gjennom viktige endringar for barn, både i lovverk, retningslinjer og budsjett. Vi opplever å bli sett på som truverdige, både hos dei som tar avgjerder og i befolkninga generelt. Vi er her også komne mykje lenger i arbeidet for å sikre gode arbeidsverktøy og god drift av verksemda i tråd med dei krava som er stilt til oss.

Nærmare omtale av bruk av verkemidlar

Arbeidsmetodane til Barneombodet er også i 2016 i hovudsak å

- kommunisere direkte med barn og unge og formidle deira synspunkt og anbefalingar, og arbeide for å auke medverknaden frå barn og unge i samfunnet generelt
- drive informasjonsverksemd om barnerettane gjennom foredrag og ulike media
- gi råd og informasjon til personar som tar direkte kontakt med oss
- jobbe prosjektbasert med prioriterte område, der vi ser at det er behov for styrking av barnerettane
- be om innsyn i enkeltsaker for å vise generelle utfordringar for barn, og eventuelt sikre barnerettane i den enkelte saka
- gi innspel til offentleg nedsette utval
- svare på høyringar i samband med lovendringar som betyr noko for barn og unge

IV. Styring og kontroll av verksemda

Den overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

Barneombodet nyttar mål- og resultatstyring som eit grunnleggjande prinsipp for styring. Vi viser til at ein høg prosent av måla er nådd, jf. Del I og III.

I løpet av dei siste åra har vi arbeidd for å bygge opp eit føremålstenleg system for heilskapleg styring og kontroll, basert på mellom anna DFØ sine metodar. Den årlege vurderinga av risiko viser ikkje eit kritisk bilete, men vi har framleis nokre utfordringar som vi må arbeide vidare med.

Den årlege gjennomgangen av status på styring og kontroll hos Barneombodet viser at system, rutinar og prosessar for det meste fungerer godt. Vi har halde fram arbeidet med å skrive ned rutinar i 2016, og å implementere disse. I 2016 har hovudvekt vore på å få på plass gode rutinar for kommunikasjonsarbeidet og sentrale område av sakshandsaminga. Arbeidsmåten med å involvere rådgjevarane er ført vidare i arbeidet med oppgåvene og rutinane til kommunikasjonsavdelinga. Det er særskilde utfordringar når det gjeld

«dokumentfangst» på kommunikasjonsområdet, noko som særleg gjelde e-post og annan dagleg kommunikasjon. Vi forsøker systematisk å finne ordningar for dette.

Arbeidet med å skrive ned rutinane på arkivområdet må gå vidare i 2017, då med føremål å skrive ned og sikre gode rutinar for prosjekt, personal- og økonomihandsaming i Public 360. Dette heng også saman med at arkivprosjektet blir vidareført i 2017.

Vurderingar og gjennomgang i 2016 er gjort med hovudvekt på å vurdere

- verksemda si evne til å nå dei måla vi har sett oss, og som er i tråd med samfunnsoppdraget vårt
- verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv bruk av ressursar
- om sentrale risikoar er innanfor akseptert nivå

Nærmare omtale av forhold knytt til styring og kontroll av verksemda

Kompetansetiltak hos Barneombodet

Tiltaka i planen for kompetanseutvikling for perioden 2016 – 2017 er noko justert i 2016. Vi starta ein revisjon av planen i 2016. Rådgjevarane ynskte fleire kurs og kompetansehevande aktivitetar knytt til prosjekta hos Barneombodet, aktuelle tema i samfunnet og pågåande debattar i fagmiljøa. Fleire av tiltaka i planen er likevel gjennomførde. Dette gjeld både faglege kurs for rådgjevarane og naudsynte kurs i samband med arkivprosjektet. I tillegg til eksterne kurs, har vi hatt fleire interne faglunsjar. Dette er korte faglege innspel i kvardagen, frå enten eigne folk eller eksterne. Samla sett er vi nøgde med å ha ein plan for kompetanseheving, sjølv om noko må reviderast vidare i 2017

Arkiv

I 2014 starta vi eit stort arkivprosjekt hos Barneombodet. Prosjektet skulle etter planen gå fram mot 2016/17. Fordi det av økonomiske årsaker ikkje er mogleg for oss å kjøpe større eksterne tenester, og Riksarkivet ikkje kan ta i mot arkivmateriale, må prosjektet sannsynlegvis gå fram mot 2018/19. Vi held fram med å kjøpe noko rettleiing, men det har berre vore aktuelt med tenester frå systemleverandøren Software Innovation i 2016. Det at ein av medarbeidarane tek utdanning på Arkivakademiet (HIOA) gjev direkte nytte til kvardagen i arbeidet med arkivprosjektet.

Føremålet med prosjektet er som tidlegare omtala både å få på plass ein arkivplan og ein bevarings- og kassasjonsplan, og å periodisere det elektroniske arkivet, slik at vi kan starte på ny frisk med ein moderne, funksjonsbasert arkivnøkkel. Ein justert plan for å periodisere det elektroniske arkivet syner at vi kan gjennomføre dette 1.1.2019. Vi ynskjer også å avlevere den eldste delen av papirarkivet når Riksarkivet opnar for dette igjen. Eit viktig mål på vegen har vore å få på plass betre arkiv- og saksbehandlingsrutinar. I 2016 har vi i aukande grad involvert dei tilsette i arbeidet med å få oversikt over dei forskjellige arbeidsprosessane på kontoret, gjennom arbeid i grupper. Dette har vore gode grep for å

auke forståinga hos dei tilsette for behovet for gode arkivrutinar, og for at dei skal få eit eigarskap til arbeidet.

I 2016 prioriterte vi å vidareutvikle arkivkompetansen i prosjektgruppa gjennom forskjellige typar arkivkurs, og ein arkivmedarbeidar tek etterutdanning på Arkivakademiet. Vi har i 2016 lagt vekt på å gje dei tilsette kurs i dei ulike finessane i Public 360 etter oppgraderinga i 2015, og motivere dei til å starte arbeidsprosessane sine inne i systemet i større grad enn før.

I årsrapporten for 2014 skreiv Barneombodet at vi må innføre sikker digital post i 2016. Vi er framleis fritekne frå å innføre sikker digital post. Alt ligg teknisk til rette hos Barneombodet for at dette kan gjennomførast, og vi venter på avklaring av tilgang til sikker digital post for barn og unge under 15 år.

Økonomistyring

Som ein del av den auka satsinga på det psykososiale skulemiljøet, som dei seinare åra er gjort mogleg gjennom KD-midlane, har vi også i 2016 dekkja reisekostnader ved å invitere barn til møte i våre lokale. Fleire av dei barna vi har møtt i 2016 har vore barn med ulike funksjonsnedsettingar og lærevanskar, som også har vore utsette for mobbing. Vi har også i 2016 hatt kostnader med å distribuere rettigheitsplakatar til skular over heile landet.

I heile 2016 har vi arbeidd med prosjekt for UD, finansiert gjennom belastningsfullmakta. Her har vi også i 2016 utarbeidd noko informasjonsmateriell på engelsk, i tillegg til å dekke lønns- og reisekostnader.

Vi har halde fram med å gje bistand til Likestillings- og diskrimineringsnemnda innanfor økonomi og lønn også i 2016, finansiert gjennom ei belastningsfullmakt tilsvarande ei 20 % stilling.

Forhold departementet har bedt Barneombodet om særskild rapportering på

Risikovurderingar

Barneombodet gjennomfører vurderingar av risiko ein gong i kvartalet. Dei områda som ligg til grunn for vurdering av risiko er

- personalsituasjonen
- økonomi
- faglege oppgåver
- administrative oppgåver
- ulike ytre forhold som påverkar drifta av verksemda

Resultatet av årets vurdering av risiko ligg ved årsrapporten til BLD som eit eige dokument.

Personalforvaltning og internkontroll

Barneombodet utarbeidde lokalt tilpassa mål og innhald i IA-avtalen våren 2015, og desse gjeld også for 2016. Hovudmåla frå førre avtaleperiode vart ført vidare og godkjende av NAV og tillitsvalde. Desse måla er

- å skape eit meir inkluderande arbeidsliv til beste for den einkilde arbeidstakaren, arbeidsplass og samfunnet
- å redusere sjukefråvær og uføretrygd
- å syte for at ressursane og arbeidsevna til den enkelte medarbeidar skal bli utvikla og nytta i aktivt arbeid

Det mest konkrete i IA-avtalen for tilsette hos Barneombodet er framleis retten til 24 dagar eigenmelding, og den moglegheita vi har til å søkje tilretteleggingstilskot. Vidare er det utarbeidd rutinar for oppfølging av den enkelte ved sjukefråvær. Desse rutinane er tilgjengelege via personalhandboka i Compendia. (www.compendiapersonal.no)

Det er vidare eit personalpolitisk mål at tilsette hos Barneombodet skal ha gode moglegheiter for fagleg og personleg utvikling. Barneombodet skal inspirere dei tilsette til også sjølv å ta initiativ til eiga utvikling. Planen for kompetanseheving er eit verktøy for å nå desse måla. Planen er baserte både på individuelle ønske om utvikling og behovet til kontoret, og omfattar både interne og eksterne tiltak. Som omtala tidlegare i årsmeldinga, gjorde vi endringar i planen i 2016 og vidarefører desse i 2017. Fleire tilsette har komme med ynskjer om kompetansegevande etterutdanning, og noko av dette blir sett i verk i 2017, mellom anna for ein av leiarane.

Når det gjeld tiltak for å vareta tilsette som av ulike årsaker er i spesielle fasar i livet, søker Barneombodet framleis å ha ein aktiv politikk på dette området. Dette gjeld både menn og kvinner med særlege omsorgsoppgåver, og eldre arbeidstakarar. Vi søker aktivt å legge til

rette for at for eksempel omsorg for små barn ikkje skal vere eit hinder for utviklinga av fag og karriere i verksemda. Dette gjer vi gjennom fleksible arbeidstidsordningar innanfor regelverket, ved tilrettelegging for at barn kan vere med på kontoret, og gjennom aktiv og fleksibel bruk av gjeldande permisjonsordningar, ferie og fridagar.

I 2016 held vi fram med at nærmaste leiar gjennomfører medarbeidersamtaler med dei tilsette. Vi hadde gode erfaringar med dette i 2015, også når det gjeld oppfølging av tiltak i etterhand. Dei tre leiarane laga også i 2016 ein felles handlingsplan for oppfølging etter medarbeidersamtalene, og fordelte roller og oppgåver. Alle tilsette vert oppmoda om å snakke med barnombodet dersom dei har saker dei ikkje ønskjer å ta opp med nærmaste leiar. Dei tilsette har også moglegheit til å be om fleire medarbeidersamtalar enn dei faste.

IA-avtalen og sjukefråvær

Sjukefråveret hos Barneombodet er lågt og vi har derfor eit fokus på å halde dette så lågt som no. I 2016 var det totalt 12 legemelde sjukefråværsdagar. Eigenmeldte fråværsdagar gjekk ned frå 83 i 2015 til 63 i 2016.

Aktivitets- og greigjeringsplikter

Ifølgje rettleiaren frå FAD blir det operert med 4 ulike diskrimineringsgrunnlag som er omfatta av aktivitets- og greigjeringsplikta: kjønn, etnisitet, religiøs tilhøyrse og livssyn og nedsette funksjonsevner.

Barneombodet har gjennom fleire år hatt eit overtal av kvinnelege arbeidstakarar. Pr. 31.12.16 var vi 20,0% prosent menn mot 80,0% prosent kvinner. Av desse er det ein mann og tre kvinner i leiinga. Vi har arbeidd aktivt for å skape betre balanse når det gjeld kjønn, noko som har vist seg vanskeleg. Av kvalifiserte søkjarar i 2016 er fleirtalet kvinner. Ein av dei utlyste stillingane i 2016 hadde 380 søkjarar. Av desse var 89 (23,4%) menn og 291 (76,6%) kvinner. Her vart det tilsett ein mann. Til den andre utlyste stillinga i 2016 var det 180 søkjarar. Av desse var 29 (16,2%) menn og 151 (83,8%) kvinner. Her vart det tilsett ei kvinne.

I dag har Barneombodet ingen forskjellar i lønn som kan knytast til kjønn, verken i leiargruppa eller i fagstaben. Ved tilsettingar arbeider vi aktivt for å finne lønnsnivå som samsvarar med erfaring og kompetanse, og som bidrar til likeverd mellom kjønna i lønnsmassen.

10 % av dei tilsette på kontoret har ikkje-vestleg bakgrunn.

Vi har ikkje lukkast med å rekruttere arbeidstakarar med funksjonsnedsetjing. Utlyste stillingar i 2016 hadde ikkje personer med ei funksjonsnedsetjing på søkjarlista, så langt vi er kjent med.

Barneombodet er ei verksemd som skal arbeide for alle barnerettane i samfunnet. Vi må derfor vere opne i rekrutteringsarbeidet for å sikre like rettar for søkjarar som bidreg til å

spjgle mangfaldet som er blant barn og unge. Dette gjeld både LHBTI-personar, personar med annan etnisk bakgrunn enn norsk, og personar med funksjonsnedsetjingar.

Vi har pr. i dag ingen andre aktive tiltak å setje inn enn å oppmode til eit mangfald av søkjarar gjennom utlysningar, og eit pågåande internt haldningsskapande arbeid blant dei tilsette.

HMS/arbeidsmiljø

Barneombodet laga ferdig ei elektronisk HMS-handbok og personalhandbok i 2014. I tillegg laga vi rutinar for beredskap. I 2016 er både HMS- handboka og personalhandboka utvikla vidare og supplert i samarbeid med Compendia AS. Dei tilsette har fått gjennomgangar av ulike deler av HMS- og personalhandboka gjennom året, og det er gjennomført øvingar med omsyn til beredskap.

Barneombodet har eit lågt sjukefråvær (sjå punkt på førre side). I 2016 har vi ein turnover på 16%. Dette er noko høgare enn vi er vande med hos Barneombodet. Arbeidet med å halde fast ved dei gode sidene ved arbeidsmiljøet, og å betre dei som ikkje har vore gode nok, har leiinga jobba vidare med i 2016. Vi har mellom anna innført eit fellesmøte for alle tilsette måndag morgon for å dele informasjon på tvers av avdelingane. Dette ser ut til å betre den interne kommunikasjonen, og vi held fram med dette i 2017.

Resultata frå vernerunden i januar 2016 syner at vi skal halde fram med å arbeide med intern kommunikasjon, styring av prosjekt og fagarbeid og med å halde fast på gode sosiale tiltak i arbeidsmiljøet.

Sosiale omsyn i offentlege innkjøp og avtalar

Barneombodet er kjent med det særlege ansvaret som kviler på ei offentlig verksemd når det gjeld å førebygge mellom anna brot på arbeidsmiljølova og sosial dumping. Vi har ikkje gjort innkjøp der det kan være høg risiko for brot på grunnleggande menneske- og arbeidstakarrettar i 2016.

Brukarundersøking

Barneombodet bestemte at brukarundersøkinga i 2016 skulle knytast til prosjektet «Utan mål og mening?» Vi sende difor ut ei kvalitativ spørjeundersøking retta mot dei personane (både barn og deira føresette) som har vore våre ekspertar i rapporten «Utan mål og mening?» som skal publiserast i mars 2017. Å snakke med, og høyre, barn er viktig i vårt daglige arbeid, og ved å gjennomføre ei brukarundersøking retta mot våre ekspertar har vi fått innsikt i korleis vi kan gjere dette betre. Sidan nokre av ekspertane var unge, eller hadde spesielle behov som gjorde det vanskeleg å svara sjølv, så var det også mogleg for barna å svara på undersøkinga saman med sine føresette.

Gjennomføring

Det ble laga ei brukarundersøking med 12 spørsmål med svaralternativ, og eitt fritekstspørsmål. Alle spørsmåla som hadde alternativ var i tillegg utstyrd med ein boks for fritekst, slik at alle respondentane hadde moglegheit til å utdjupe sine svar. Undersøkinga

ble sendt ut på e-post til dei som har delteke som ekspertar, og undersøkinga blei gjennomført anonymt. Totalt hadde Barneombodet 25 ekspertar i dette prosjektet. 15 av desse var det mogleg å nå med ei brukarundersøking.

Svara

Totalt fikk vi inn 13 svar. Av desse var sju frå ein ekspert aleine, to var frå ein ekspert og ein føresett saman, mens dei siste fire var frå ein føresett aleine. Alle svara og kommentarane frå undersøkinga er samla i ein rapport som er tilgjengeleggjort for alle på kontoret.

Jamt over viser svara at ekspertane våre har vore nøgde med både korleis arbeidet, informasjonen på førehand, intervjuet og sjølv prosjektet har vore gjennomførde. Alle er også nøgde med kva stad intervjuet blei gjennomført på, sjølv om nokre påpeiker at å gjennomføre intervju mens ein er i rørsle (går ein tur eller liknande) kunne vore ein fordel.

På ein del punkt får me tilbakemeldingar om at vi har litt å gå på, og vi tar med nokre av dei her:

- Ein av respondentane påpeikte at det ikkje hadde vore klart nok i forkant at det skulle vere eit barneintervju, og at dei vaksne ikkje skulle vere med.
- Fleire sa at det med fordel kunne vore fleire møter for å sikre at all relevant informasjon kom fram.
- Ein nemnde at det tekniske må vere på plass på forhand. At ein blir fiklande med tekniske problem når møtet startar, gjer at ein verkar mindre profesjonell og det skapar utryggheit.
- Eit par av respondentane opplevde at dei kanskje ikkje fekk sagt alt dei hadde lyst til å seie, men som ein av ekspertane skriv: «Eg hadde mykje meir å tilføye, men følte eg hadde sagt nok. Skulle eg ha sagt absolutt ALT, hadde møtet nok vara i fleire timar.»
- Ein av respondentane følte at intervjuarane ikkje viste nok entusiasme for det som eksperten sjølv hadde å legge til.
- Vi har fått tilbakemelding frå nokre om å lytte meir til barna sine behov rundt møta, Både når det gjeld lengde, posisjon og kva ein skal prata om.

Vidare arbeid

Funna i denne undersøkinga blei gjennomgått på eit fellesmøte med alle dei tilsette ved kontoret. I tillegg er dei samla i ein rapport som er tilgjengeleggjort for alle. På møtet diskuterte vi dei forbetringpunkta som ekspertane og foreldra peika på. I løpet av første halvår 2017 skal vi utarbeide retningslinjer og interne manualar på for korleis vi skal drive med medverknad, og funna frå denne undersøkinga vil bli brukt der. Det vil danne eit godt og viktig grunnlag for korleis vi skal drive med medverknad i vårt store prosjekt for 2017 og 2018.

Sikkerheit og beredskap

Barneombodet gjennomførte ei forenkla analyse av risiko og sårbarheit som var tilpassa verksemda i 2015. Dette gjorde vi ved å bruke same metode som ved risikovurderinga av det

faglege arbeidet hos Barneombodet. I samband med dette oppdaterte vi også krise- og beredskapsplanane våre og sende dei til departementet. Vi viser til utgreiinga vår om dette i årsrapporten for 2015. Vi planlegger å gjennomføre ein ny forenkla ROS-analyse i 2017, og sender eventuelle justeringar i planane til departementet når vi har evaluert ROS-analysen.

Vi meiner framleis at dei tiltaka som vart sette i verk i 2015 både verker førebyggjande og reduserer mogleg skade. Vi har ikkje gjort endringar i beredskapsplanen i 2016, og departementet har tidlegare mottatt den samla beredskapsplanen frå Barneombodet. Vi har ikkje funnet det naudsynt med endringar i planane i 2016.

I samband med at vi nå har fleire nye tilsette, planlegg vi ei ny tilpassa kriseøving tidleg i 2017. Det er aktuelt å gjennomføre denne som ei «table top»-øving. Vi har i overgangen 2016/2017 gjort endringar i brann og kriseberedskapen ved trugsmål mot kontorlokala. Dette gjeld både ny ansvarleg brann- og redningsleiar og ny oppmøtestad. Alle tilsette vert informert og drillt i dette. Kriseøvingar utover dette handlar mest om å følgje dei meldingane som kjem frå leiinga ved ein eventuell krise. Slike øvingar kan ein best gjere ved å gå gjennom prosedyrar med jamne mellomrom, noko som vi gjer i samband med fellesmøta på måndagar. Dette heng også saman med at Barneombodet er ei rein kontorbedrift. Vi har gode sikringsrutinar for å kome inn i lokala, og har i liten grad direkte «kundekontakt». Den mest vesentlege utfordringa når det gjeld sikkerheit er derfor knytt til brannberedskap, og beredskap mot terror og andre kriser. Vi øver ofte på å evakuere lokala ved at gardeigaren arrangerer jamlege brannøvingar. Heile organisasjonen vil også i 2017 få tilbod om oppfrisking av førstehjelpskurs og kurs i bruk av hjartestartar. Vi har hjartestartar i lokala. Sikkerheit og beredskap er vidare forankra i HMS-arbeidet, der leiinga arbeider tett opp mot verneombodet. Når det gjeld datasikring, er dette varetatt gjennom trygge avtaler med eit eksternt firma, der maskinpark, system og data er lagra utanfor kontoret (sjå neste punkt).

Rutinane våre for beredskap er ein del av HMS-handboka. Dei er laga på grunnlag av dei malane som har vore tilgjengelege på plattformen Compendia. Beredskapsplanen inneheld rutinar for varsling, etablering av kriseteam, informasjon, omsorg og fordeling av ansvar og oppgåver. Compendia-handboka vart oppdatert i 2016.

Informasjonssikkerheit

Barneombodet har i 2016 evaluert sikkerheit og behandling av personopplysningar i samarbeid med vår IT-leverandør Intility AS. Vi gjennomførte i 2016 eit møte med ansvarleg for sikkerheitsrevisjon i Intility AS. I dette møtet drøfta vi særskilde utfordringar med sikkerheit og resultatane frå sikkerheitsrevisjonen gjennomført av PWC etter standardar i ISAE 3402. Dette er ein eigen revisjon av sikkerheit hos vår IT leverandør, og kjem som eigen rapport kvart år. Rapporten vert send til Barneombodet. Ramma i den nye databehandlaravtale med Intility AS som vi underteikna i 2015, sikrar ein slik årleg gjennomgang og oppfølging av sikkerheita.

Avtalen med Intility AS gjer altså at styringssystema for dei tekniske delane (databehandling) av informasjonssikkerheita er tatt vare på av dei. I møter med Intility AS i 2016, og gjennomgang av dokumentasjonen, har Barneombodet vurdert dei standardane som ligg til grunn for arbeidet med styring og informasjonssikkerheit i Intility AS. Vi meiner dette tilfredsstillar krava i blant anna eForvaltningsforskrifta § 15, og dei krava som blir stilt i personopplysningslova og personopplysningsforskrifta, mellom anna personopplysningslova § 13-15 med forskrifter. Som omtala i årsrapporten for 2015, planla vi ein sikkerheitsrevisjon av systema i 2016. Vi har halde eit slikt møte med Intility AS, men vi fann det ikkje naudsynt med ein stadleg kontroll. På den andre sida fann vi potensielle svakheiter i sikkerheita ved tilgang på mobile einingar knytt til Barneombodets nettverk. Ei betring av denne sikkerheita vart planlagd i 2016, og er no sett i verk gjennom ei to-faktors autentifisering på alle mobile einingar.

Dei rutineane som utgjer styringssystemet for informasjonssikkerheita på kontoret til Barneombodet, administrasjon av tilgangar og dei menneskelege delane av arbeidet med informasjonssikkerheit, er tatt vare på gjennom dei rutineane som er laga internt. I samband med utvikling av nye prosedyrar i Barneombodets arkivprosjekt, har vi også i 2016 fortløpande vurdert behov for nye rutinar for å sikre oss mot brot på reglar om behandling av sensitiv informasjon.

Tiltak innanfor «Handlingsplan for informasjonssikkerhet i statsforvaltningen»

Barneombodet har fleire tiltak i gang for å betre informasjonssikkerheita, og vi har gjort greie for nokre av desse under førre punkt. I tillegg har vi sett i verk og planlagd fleire tiltak og aktivitetar som er i samsvar med ramma i handlingsplanen for informasjonssikkerheit.

Vi har planlagd og delvis sett i verk tiltak innanfor følgjande tiltaksområde i handlingsplanen:

1. Styring og kontroll
5. Kunnskap, kompetanse og kultur

Under gjer vi greie for kva som er utført for å nå måla i handlingsplanens tiltaksområde, og kva som er planlagd. Dei tiltaka som vi skal slutføre i 2017, er merka med kursiv og utheving.

Tiltaksområde 1: Styring og kontroll (Jf. eForvaltningsforskrifta § 15)

- Ruterskåp/ Switcheskåp vart sikra i 2016. Det er nå berre IT-ansvarleg og administrasjonssjef som har tilgang.
- Forskrifta pkt. a – d er delvis under kontroll eller det er planlagt tiltak, sjå eksempel under.
 - Forskrifta pkt. c:
 - Sikring varetatt gjennom SI, DFØ og bank.
 - Det er inngått nye skriftlege avtalar om kredittkortbruk (med bedriftsansvar) med dei tilsette som har tilgang til dette.
 - Forskrifta pkt. d:
 - Sikring av mobilar, PC ved tjuveri og tap er varetatt.

- **Nye tiltak for å sikre mobile einingar er i gang og vert sluttført i 2017, mellom anna med å implementere Mobility Management.**
 - Tiltak mot misbruk av kort er varetatt.
 - Forskrifta pkt. e:
 - Det vart inngått ny databehandlaravtale med Intility AS i 2015.
 - Avtaler med bank (jf. Difi).
- Forskrifta pkt. g:
 - Det er laga nye prosedyrar for bruk av elektronisk saksbehandling/svar på brev og e-postar i 2016 (Jf. Arkivprosjekt og oppgradering av Public 360 i 2015). Konfidensielle brev blir sende med vanleg post til Sikker digital post er gjort tilgjengelig for barn.
 - Vi vurderte ein komplett revisjon av sikkerheit i samarbeid med Intility AS i 2016. Det vart ikkje naudsynt med ein komplett revisjon, jf. greigjering tidlegare i årsrapporten.
 - Vi ber om å få alle innsynssaker tilsendt på papir. Desse blir arkivert i eit branngodkjent arkivskap

Når det gjelder andre krav og forventningar under tiltaksområde 1, vert dette tatt vare på av avtalen med Intility AS.

Som eit supplerande tiltak i 2017 planlegg Barneombodet ein overgang til Office 365 frå mars 2017. Dette er eit viktig tiltak for å betre informasjonsikkerheita hos Barneombodet. Vi planlegg ei særskild vurdering av sikkerheita hos dei tilsette som samhandlar ofte med andre land (e-post og vitjingar) i løpet av våren 2017.

Tiltaksområde 5: Kunnskap, kompetanse og kultur

Eit ledd i arkivprosjektet hos Barneombodet var å oppgradere Public 360. Ein viktig del av dette tiltaket er å samstundes betre kompetanse og kultur for handsaming av elektronisk informasjon, blant anna sensitive personopplysningar. Under følgjer ei kort oppsummering av kunnskaps- og kompetansetiltak i 2016:

- Bruk av elektronisk ekspedisjonsmodul i 360: Kva kan sendast elektronisk og kva kan ikkje sendast elektronisk?
- Innføring i det nye programmet for sakshandsaming med alt det inneber av handtering av informasjon.
- Jamleg gjennomgang og oppdatering av framdrifta i arkivprosjektet, som også inneber spørsmåla om «kvifor» i relasjon til sikker behandling av informasjon.
- Jamleg/kvartalsvis vurdering av risiko i leiargruppa som også omfattar behov for kompetanse.
- Tilsette i administrasjonsavdelinga har hospitert i andre verksemder.
- Det er laga skriftlege prosedyrar på mange område som omhandlar handtering av informasjon/sakshandsaming.

I tillegg kan vi nemne at vi har eit fast fellesmøte kvar måndag morgon, der også spørsmål av administrativ art (mellom anna informasjonsikkerheit) vert tatt opp.

Ein viktig del av arbeidet med informasjonssikkerheit vil i 2017 vere retta mot å oppretthalde arbeidet innafor tiltaksområde 1 og 5, og å vurdere behov for nye tiltak.

Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen

Barneombodet har ikkje fått vesentlige merknadar frå Riksrevisjonen for 2015.

Internt har vi etablert faste dialogar mellom økonomirådgjevar og administrasjonssjef i etterkant av besøk frå Riksrevisjonen, for å følgje opp eventuelle merknader av mindre alvorleg art.

V. Vurdering av framtidsutsikter

Barneombodet er ei lita verksemd med eit stort samfunnsoppdrag. Vi opplever å bli sett på som truverdige, både hos dei som tar avgjerder og i befolkninga generelt. Sjølv om Noreg er eit bra land å vakse opp i for barn, har Barneombodet ei viktig rolle i å overvake at barnerettane blir oppfylt på ulike samfunnsområde, og dette oppdraget vil være viktig også i åra framover.

Dei fleste område Barneombodet no arbeider med, krev innsats over fleire år. Dette gjeld område som mobbing i skule og barnehage, spesialundervisning, vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, barnerettane i barnevern og psykisk helsevern, i kommunehelsetenesta og på sjukehus, og barn og unge som representerer ulike minoritetar i samfunnet.

Våren 2017 skal vi avslutte eit prosjekt om barn med funksjonsnedsettingar. Arbeidet med å følgje opp anbefalingar frå denne rapporten vil gå føre seg i 2017 og 2018. Samstundes starta vi eit nytt stort prosjekt i slutten av 2016 og byrjinga av 2017 som handlar om vald mot barn. Dette prosjektet vert det siste i perioden til det noverande barneombodet, og rapporten vert lansert våren 2018.

Prosjektet om å fremje ordningar som liknar barneombodet i ODA-land held fram også i 2017. Når årsrapport vert skriven, har vi ikkje fått prosjektmidlane frå UD, men er blitt lova dette munnleg.

«Barneombussen» og den direkte kontakten med barn og unge vil vere ei viktig oppgåve for Barneombodet også i 2017. Vi besøker Buskerud og nye skular i Akershus våren 2017. Det vert ikkje gjort endringar i konseptet i perioden til det noverande ombodet.

Vi er framleis uroa over den manglande tilgangen barn har til å klage på brot på rettane sine. Barneombodet arbeidar med rapportering til FNs barnekomité våren 2017, og dette er ein av fleire uromeldingar som vi vil nemne i rapporten til komiteen.

Barneombodet vart ikkje foreslått som ny klageinstans for barn i saker som handlar om mobbing. Fleire av forslaga frå Barneombodet er tatt inn i forslag til nytt kapittel 9A i opplæringslova, men klagesystemet vart ikkje slik ombodet ynskte. Ei viktig oppgåve i 2017 og i åra framover er å fylgje med på fylkesmennenes handsaming av klagesaker.

Vi er i tillegg tilført 3 millionar i ekstra midlar frå Kunnskapsdepartementet. Ei viktig oppgåve i 2017 og i åra framover blir å utforske grensene i mandatet til Barneombodet når det gjeld rettleiing og oppfølging av mobbesaker. Vi må også arbeide med å utforske nye arbeidsmåtar for dei tilsette som skal følgje opp mobbesaker.

VI. Årsrekneskap

Kommentar frå barneombodet til årsrekneskapen 2016

Føremål

Barneombodet vart oppretta i 1981, og er administrativt underlagt Barne- og likestillingsdepartementet. Verksemda fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Kontoret er oppretta ved lov, som eit uavhengig organ for å vareta barn og unge sine interesser. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Barne- og likestillingsdepartementet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avslutta i fylgje bestemmingar om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Barne- og likestillingsdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av dei disponible bevillingane, dei regnskapsførte utgiftene, inntektene, eigendelane og gjelda til Barneombodet.

Vurdering av vesentlige forhold

I 2016 har kontoret samla disponert tildelingar på kr 14 335 000, og i tillegg motteke ei bevilling på kr 2 700 000 frå Kunnskapsdepartementet, samt belastningsfullmakter på kr 1 740 568 frå Utanriksdepartementet og frå Likestillings- og diskrimineringsnemnda på kr 130 000. Vi viser til bevillingsrapporteringa og notane A og B. Mindreutgifta på post 01 driftsutgifter vart kr 688 071, som vi søker om å overføre til neste år på post 01 i fylgje berekningar i note B.

Artskontorrapporteringa viser at netto rapporterte driftsutgifter summerte seg til kr 17 862 053. Av dette er inntekter kr 0. Tilsvarande tall for 2015 var kr 17 141 020 og kr 3 043. Utgifter til lønn utgjorde kr 12 407 837, mot kr 12 191 293 året før. Lønnsdelen av driftsutgiftene er 69,5 %, ned frå 71,1 % året før. Talet på årsverk er 17,6, opp 0,4 frå 2015. Auken heng saman med at sjukepengar og andre refusjonar berre var kr 2 618 i 2016 mot kr 258 923 førre år, då tilsette var i foreldrepermisjon.

Kostnadane til reiser og diett auka med om lag kr 175 000 til kr 941 632. Totalsummen fordeler seg med kr 407 355 på UD-prosjektet, kr 171 127 i samband med psykososialt skulemiljø og kr 363 150 på anna reiseverksemd hos Barneombodet. Forklaringa på auken er reise og diett i samband med UD-prosjektet.

Auken på resten av driftsutgiftene har med stillingsannonser og auka utsending av materiell til skular å gjere.

Det vart i 2016 utbetalt kr 226 342 til investeringar mot kr 75 178 året før. Dette var ein forventa auke, fordi utskiftinga av IKT-utstyr varierer mykje frå år til år.

Mellomverande med statskassa utgjorde per 31.12.2016 kr 506 786. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eigendelar og gjeld mellomverande består av.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor, og bekreftar rekneskapen for Barneombodet.

Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d., men vi går ut frå at revisjonsrapporten kjem i løpet av 2. kvartal 2017.

Årsrapporten vil bli publisert på nettsidene til Barneombodet så snart den er offentleg.

Oslo, 1. mars 2017



Anne Lindboe
barneombod

Prinsippnote til årsrekneskapen 2016

Årsrekneskapen for Barneombodet er utarbeidd og avlagt etter nærmare retningslinjer fastsett i bestemmingar om økonomistyring i staten ("bestemmingar"). Årsrekneskapen er i følgje krava i bestemmingane punkt 3.4.1, nærmare bestemmingar i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2016 og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av bevillingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmingane punkt 3.4.2 – de grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for regnskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av bevillings- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krava i bestemmingane punkt 3.5 til korleis verksemdene rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevillingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt statens konsernkontoordning i Norges Bank i følgje krav i bestemmingane. pkt. 3.7.1. bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har rett til å trekkje på sin konsernkonto. Ved slutten av året blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskonto ved overgangen til eit nytt år.

Bevillingsrapporteringa

Oppstillinga av bevillingsrapporteringa omfattar ein øvre del med bevillingsrapporteringa, og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Bevillingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det vert stilt opp etter dei kapitla og postane i bevillingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle dei finansielle eigendelane og forpliktingane verksemda står oppført med i Statens kapitalrekneskap.

Mottatte fullmakter til å belaste kapittel/post for ei anna verksemd (belastningsfullmakter) står ikkje i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til bevillingsoppstillinga. Utgiftene knytt til mottatte belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsrekneskapen, og står i kolonnen for rekneskap.

Belastningsfullmaktene er inkludert i kolonnen for samla tildeling, men blir bokført og skal ikkje rapporterast til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Dei blir bokført og rapportert av verksemda som har mottatt belastningsfullmakta, og står derfor ikkje i kolonnen for rekneskap. Fullmaktene kjem fram i note B til bevillingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigendeler og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen.

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har trekkrettar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane er ikkje inntektsført, og derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2016

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2016	Merutgift (-) og mindreutgift
0848	Driftsutgifter fom 01.01.16	01	Driftsutgifter	A, B	14 335 000	13 646 929	688 071
0163	Menneskerettigheter	72	Tilskudd	B		1 617 101	
0226	Særskilte driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter	B		2 698 641	
0870	Belastning på LDN for WB	01	Driftsutgifter	B		125 724	
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter			549 226	
<i>Sum utgiftsført</i>					14 335 000	18 637 621	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling	Regnskap 2016	Merinntekt og mindreinntekt(-)	
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29	Ymse	0	25 611		
5700	Arbeidsgiveravgift	72	Arbeidsgiveravgift	0	1 526 976		
<i>Sum inntektsført</i>					0	1 552 587	

<i>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</i>					17 085 034
Kapitalkontoer					
60049001	Norges Bank KK /innbetalinger				69 756
60049002	Norges Bank KK/utbetalinger				-17 095 817
708050	Endring i mellomværende med statskassen				-58 973
<i>Sum rapportert</i>					0

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)				
		31.12.2016	31.12.2015	Endring
708050	Mellomværende med statskassen	-506 786	-447 813	-58 973

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
0848 01	529 000	13 806 000	14 335 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindreutgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(-)	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
0848 01		688 071		688 071				688 071	690 300	688 071
0163 72		123 467		123 467				Ikke aktuell		
0226 21		1 359		1 359				Ikke aktuell		
0870 01		4 276		4 276				Ikke aktuell		

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottatt fullmakter

Kapittel og post 0163 21: Belastningsfullmakt stilt til disposisjon av Utenriksdepartementet på kr 1 740 568.

Kapittel og post 0226 21: Bevilgning stilt til disposisjon fra Kunnskapsdepartementet (i tildelingsbrev fra Barne- og likestillingsdepartementet) på kr 2 700 000.

Kapittel og post 0870 01: Belastningsfullmakt stilt til disposisjon fra Likestillings- og diskrimineringsnemda på kr 130 000.

Mulig overførbart beløp

Beløpet vil bli vurdert av Barne- og likestillingsdepartementet for eventuell overføring til 2017.

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/mindreutgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(-)	Merutgift(-)/mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
0848 01		688 071		688 071				688 071	690 300	688 071
0163 72		123 467		123 467				Ikke aktuell		
0226 21		1 359		1 359				Ikke aktuell		
0870 01		4 276		4 276				Ikke aktuell		

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter**Mottatt fullmakter**

Kapittel og post 0163 21: Belastningsfullmakt stilt til disposisjon av Utenriksdepartementet på kr 1 740 568.

Kapittel og post 0226 21: Bevilgning stilt til disposisjon fra Kunnskapsdepartementet (i tildelingsbrev fra Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet) på kr 2 700 000.

Kapittel og post 0870 01: Belastningsfullmakt stilt til disposisjon fra Likestillings- og diskrimineringsnemnda på kr 130 000.

Mulig overførbart beløp

Beløpet vil bli vurdert av Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet før eventuell overføring til 2017.

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2016

	Note	2016	2015
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Salgs- og leieinntekter	1	0	3 043
<i>Sum inntekter fra drift</i>		0	3 043
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	12 407 837	12 191 293
Andre utbetalinger til drift	3	5 454 216	4 952 770
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		17 862 053	17 144 063
Netto rapporterte driftsutgifter		17 862 053	17 141 020
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter		0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	4	226 342	75 178
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		226 342	75 178
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		226 342	75 178
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.		0	0
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader		0	0
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		25 611	23 509
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		1 526 976	1 498 617
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		549 226	534 742
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		-1 003 361	-987 384
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		17 085 034	16 228 814

Oversikt over mellomværende med statskassen

Eiendeler og gjeld	2016	2015
Fordringer	10 000	0
Skyldig skattetrekk	-76 477	46 177
Skyldige offentlige avgifter	8 073	-9 704
Annen gjeld	-569	-1 462
Sum mellomværende med statskassen	5	35 011

Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2016	31.12.2015
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Sum innbetalinger fra gebyrer	0	0
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	0	0
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Salgsinntekt tjenester, utenfor avgiftsområdet	0	3 043
Sum salgs- og leieinnbetalinger	0	3 043
<i>Andre innbetalinger</i>		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger fra drift	0	3 043

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2016	31.12.2015
Lønn	10 760 126	10 777 729
Arbeidsgiveravgift	1 526 976	1 498 617
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-2 618	-258 923
Andre ytelser	123 353	173 869
Sum utbetalinger til lønn	12 407 837	12 191 293
Antall årsverk:	17,6	17,2

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2016	31.12.2015
Husleie	2 024 044	1 939 824
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	43 374	3 128
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	156 039	153 449
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	10 715	21 280
Mindre utstyrsanskaffelser	28 221	16 975
Leie av maskiner, inventar og lignende	182 818	203 339
Kjøp av fremmede tjenester	970 584	964 915
Reiser og diett	941 632	767 179
Øvrige driftsutgifter	1 096 788	882 681
Sum andre utbetalinger til drift	5 454 216	4 952 770

Note 4 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2016	31.12.2015
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	0	0
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	226 342	75 178
Sum utbetaling til investeringer	226 342	75 178

	31.12.2016	31.12.2015
<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjer	0	0

Note 5 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen			
	31.12.2016	31.12.2016	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	0	0	0
Andre fordringer	10 000	10 000	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
<i>Sum</i>	10 000	10 000	0
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-392 482	0	-392 482
Skyldig skattetrekk	-515 155	-515 155	0
Skyldige offentlige avgifter	-1 631	-1 631	0
Annen kortsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	-909 267	-516 786	-392 482
Sum	-899 267	-506 786	-392 482



Riksrevisjonen

Vår referanse 2016/00971-3

BARNEOMBUDET
Org. nr.: 971527765

Riksrevisjonens beretning

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Barneombudets årsregnskap for 2016. Årsregnskapet består av ledelseskomentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusive noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2016.

Etter Riksrevisjonens mening gir Barneombudets årsregnskap et rettviseende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter i 2016 og av mellomværende med statskassen per 31. desember 2016, i samsvar med regelverk for statlig økonomistyring.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene og INTOSAI's etikkregler. Etter Riksrevisjonens oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse om revisjonen av årsregnskapet og uttalelsene om etterlevelse av administrative regelverk dekker ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V), og vi attesterer ikke denne informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det revisors oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskapen opparbeidet under revisjonen eller hvorvidt den øvrige informasjonen tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom det konkluderes med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er Riksrevisjonen pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen. Det er ingenting å rapportere i så henseende.

Ledelsens og overordnet departements ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et rettviseende bilde i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Overordnet departement har det overordnede ansvar for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999) alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke beslutningene som treffes av brukere på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og ISSAI 1000–2999, utøver revisor profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen.

Revisor identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Revisjonshandlinger utformes og gjennomføres for å håndtere slike risikoer, og tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis innhentes som grunnlag for revisors konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Dette skyldes at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Revisor gjør også følgende:

- opparbeider en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll
- evaluerer hensiktsmessigheten av regnskapsprinsippene som er brukt, og rimeligheten av tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, herunder tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde

Revisor kommuniserer med ledelsen og informerer overordnet departement, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Revisor vil også kommunisere om forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, herunder eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Av de forholdene som kommuniseres med ledelsen og som overordnet departement blir informert om, tar revisor standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse regnes som sentrale forhold ved revisjonen. Disse beskrives i så tilfelle under eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring med rimelighet må forventes å være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom Riksrevisjonen gjennom revisjon av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk for økonomistyring, gjennomføres utvalgte revisjonshandlinger for å kunne gi uttalelse om hvorvidt det er vesentlige brudd på disse.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi gir en uttalelse med moderat sikkerhet på om vi er kjent med forhold som tilsier at virksomhetens disponering av bevilgningene i vesentlig grad er i strid med administrative regelverk for økonomistyring. Uttalelsen bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelserevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnås gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendig. Basert på revisjon av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til ISSAI 4000-serien, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomhetens disponering av bevilgningene er i strid med administrative regelverk for økonomistyring.

Oslo; 28.04.2017

Etter fullmakt

Hans Conrad Hansen
ekspedisjonssjef

Kari Kay
avdelingsdirektør

Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur